Førsteblad.

Emne nr. 11. Fylke: Telemark
Emne: Ymse attåtfor. Herad: Heddal
Opskr. av Johs. Ho Sveitan Gard: Gjestrud
adr: Tinnegrend st. G.nr. 47. Br.nr. 1.
samr. H B Gjestrud, Bonde s. adr.

Svar.

Spørgsmåla under: Røtter, Tang, Tare, Blom og fiskeavfall høyrer ikkje heime her i bygda. Eit unntak er Kveiku-rokke. Som for ein deil 40-50 aar attende i tia er nytta som naudfor til Kua her. Den vart da spad upp med greip. Det var helst i sand og sandjord den voks. Den vart gjeven raa. Til eit passe stort fjos her, 8-10 kuer maatte det soleis ei masse til um det skulde monaa (hjelpe). Det var soleis lite den vart bruka. Bjørkeris er nok bruka i langt større mengde som naudfor. No i tidi er det nok berre ein hend at det vert bruka.

2 Sørpefor av Hakkels, høifrø og avfall fra huse er nytta naa i tida og. I gamle fjosbruk er dei sørpebytthus, legga med vinkonk i. Tong-vint.

3 Kaldsørpe brukast og, og varmt drikke naar kua hadde kalva.

4 Ukjendt her.

5 —"— Brennevin finst ikkje her. Ikkje ølbrygg.

6 Brukt i den tid da det var alment paa Gårdene at brygge øl, for 40 aar siden (maltøl). Hestegjødsel har nok vore bruka, men da maa ein attende til 1880 aara.
Under forrige verdskrig var det gode aar og hestegjødsel vart soleis ikkje bruka. Derimot vart ein del saltsild kaupt til for i den tid.

2690
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING